



Fotturen i Førde er variert og spanande, og kombinerer skogstur med vandring i triveleg bygdemiljø.

The walk in Førde is varied and exiting and combines the quiet of the forest with a pleasant walk through a thriving pastoral landscape.



Førde, Sveio.

Foto: S. M. Tveit

Route and places of interest

The walk may be divided in 2 alternative routes, which you may walk separately, or combine to a somewhat longer walk. Warning: the alternatives differ as to the type of shoes required.

Route A (marked with a solid green line on the map):

Terrain: A comparatively easy walk around the centre of Førde, generally on improved roads with no special requirements as to footwear.

Time: About 1 hour.

There are several possible starting points from parking areas that are marked on the map. In this description we start at the parking area by the cafe on the quay (1). To get there, leave E39 at the sign to Førde Sentrum and follow the road to its end.

From this parking area you follow the old Sjoarvegen (Lovers Lane) up to the right and around Vestbygdo with the old bathhouses side by side along the sheltered bay. When the path reaches the road, turn left and proceed through thriving pastoral landscape until you reach the main road again.

(At this point you may continue along Route B, either by crossing the main road (be careful), or by going another 200 m to the right (south), use the pedestrian tunnel and walk back. The forest road towards Lierskard starts at the beginning of the cultivated land on the upper side of the main road).

If you continue on Route A, turn left along the main road to a road leading to the quay in Førde. Cross the main road and continue to the left about 100 metres to another crossroads. Turn left onto the road with the sign to Erve and past Førde Gard (5). This old farm has a well-kept main building from 1850 and receives visitors on Thursdays during the season.

Continue another 150 metres to another crossroads. Turn left onto the road with a sign to the church. The road goes past the receiving shop for herbs, Øko-urt Vest (6); one of only two such receiving shops in the country. Ecologically grown herbs are dried and sorted here for packing and distribution. You may buy herbal products in the little factory outlet.

Rute og ymse av interesse

Turen kan delast i 2 alternative ruter, som kan takast kvar for seg eller kombinerast til ein lengre tur. NB: Krav til fottøy er forskjellig for dei to rutene.

Alt. I:

Terrang: Ein relativt lett tur rundt i Førde sentrum, stort sett på vanleg veg. Ingen spesielle krav til fottøy.

Tid: Ca. 1 time.

Det kan vera fleire utgangspunkt frå parkeringsplassar avmerkte på kartet. I denne omtalen tar me utgangspunkt i parkeringsplassen ved kafeen på kaien (1). For å koma dit tek me av frå E39 ved skilt til Førde sentrum, og følgjer vegen til endes.

Frå denne parkeringsplassen følgjer vi den gamle Sjoarvegen (Kjarleiksstien) opp til høgre – om Vestbygdo, der dei gamle nausta ligg tett langs den lune Vågen. Der stien kjem ut på vegen tek me til venstre og følgjer vegen gjennom eit levande kulturlandskap opp mot hovudvegen.

(Dersom ein nå vil gå over i Alt. II, kan ein anten kryssa hovudvegen (ver varsam), eller gå 200 m til høgre/sørover, nytta undergang og gå tilbake. Skogsvegen mot Lierskard startar i kanten av dyrka mark på oppsida av hovudvegen).



Fortset vi på Alt. I, går vi til venstre langs hovudvegen til vegskiftet mot Førde/kaien, kryssar hovudvegen og fortset til venstre ca 100 m til nytt vegkryss. Her tar vi til høgre på veg skilta Erve, forbi Førde Gard (5), med godt bevart våningshus frå ca. 1850. Garden er open for besøk torsdagar i sommarsesongen.

Vi fortset vidare ca. 150 m til nytt vegkryss. Ta til venstre her på veg skilta til kyrkja. Vegen går forbi urtemottaket til Øko-urt Vest (6); eitt av to slike mottak i landet. Her vert økologiske urter tørka og sorterte for vidare pakking og levering. Det er òg høve til å kjøpa urteprodukt.

Vegen går vidare forbi Førde kyrkje (7), oppført i ein slags romansk rundbogestil og vigsla i 1938. Ved kyrkja står eit minnesmerke over falne under krigen, og eit relieff over to av dei som gjorde ein serleg innsats under motstandskampen. Førdebygda var eit senter for motstanden i Sveio.

Følg vegen vidare i undergang under E39 forbi det gamle vassverket (8) som skaffa straum til bygda under krigen, ta første veg til venstre og forbi Førde prestegard frå 1870 (9). Prestegarden har hatt eit spesielt, parkliknande hageanlegg.

Vegen svingar ned mot den idylliske Simondalen, der vi tar til venstre inn på ein liten veg/sti, bru over elva, og kjem opp i sentrum på vegen ved banken (10). Her tar vi til høgre, og følgjer vegen tilbake til kaien og parkeringsplassen.

Alt. II.

Terreng: Skogsveg og sti, nokre bratte parti, og litt myrlendt langs Sætrahaugen. Godt fottøy.

Tid: Ca. 2 timar.

Også for denne ruta kan det vera fleire utgangspunkt/parkeringsplassar å velja mellom. Sjå kartet. Her blir turen omtala med utgangspunkt frå parkeringsplassen ved skulen, nær hovudvegen E39. (Sjå Rute A som kjem opp her).

Skogsvegen vi skal følgja oppover startar i kanten av dyrka mark på andre sida av hovudvegen frå parkeringsplassen. Ein kan anten kryssa hovudvegen (ver varsam), eller gå 200 m til høgre/sørover, nytta undergang og gå tilbake

Skogsvegen startar med lett stigning og blir brattare mot toppen. Her er det vakker utsikt mot Førdespollen og Bømlafjorden. Langs stien/skogsvegen er det informasjonsskilt om stad- og plantenanamn.

Frå toppen (2) er vegen kort til dei fråflytte gardane på Lier (3), ein avstikker det kan vera verd å ta med seg. Elles skal me frå toppen (2) følgja den merka turløypa til venstre (høgre om vi kjem tilbake frå Lier), inn på ein sti gjennom skogen. Her er delvis noko myrlendt. Frå Sætrahaugen går stien bratt nedover og kjem inn på skogsvegen som fører forbi Førde vassverk (4), og fram til fylkesvegen.

Følg fylkesvegen til venstre ca. 0,5 km til vegkryss, og me er inne på Rute A.

The road continues past Førde Church (7). The church is built in a modified roman style with curved arches and was consecrated in 1938. By the church there is a monument in memory of those who fell during the last war, and a relief in stone showing two of those who made particular contributions to the resistance. The settlement of Førde was the centre for the resistance in the Sveio region.

Continue on the same road as it passes under E39 and past the old power station (8) that supplied the village with electricity during the war. After the power station, take the first road to the left past the Førde Rectory from 1870 (9).

The road now turns down towards the idyllic Simondalen. Turn left onto a little path across the bridge over the river, and return to the village by the road past the commercial bank (10). Turn right here and follow the road back to the quay and the parking area.

Route B (marked with a broken, green line on the map).

Terrain: Forest road and footpath, some steep parts and moors along Sætrahaugen. Use waterproof boots.

Time: About 2 hours.

This route also has several possible points of departure. Look at the map where several parking areas are indicated. The description of this alternative starts at the parking area near the school by the main road E39. (See Route A, which also comes up to this point).

The forest road you are to follow starts at the edge of the cultivated land across the main road from the parking area. You have two options: either cross the main road (be careful), or walk about 200 metres to the right (south), use the pedestrian tunnel and walk back.

The forest road is quite gentle initially, and becomes steeper near the top. There is an excellent view to Førdespollen and Bømlafjorden. Along the path you find information boards with details about local place names and flora.

From the top (2) there is only a short distance to the now abandoned farms at Lier (3), and the short detour to these old farms is worthwhile. Otherwise, depart directly from the top (2), proceed along the marked footpath to the left (to the right if you are returning from Lier), and take the path through the forest. There are some boggy parts along this stretch of the path. From Sætrahaugen the path winds steeply down and soon enters the forest road past the old Førde power station (4). Soon after this you are back on the district road..

Turn left and follow the district road about 0,5 km to the crossroads, and you are on Route A.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som følgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturan er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.